

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
Dato: 29.01.2015
Tidspunkt: 11.00-15.05

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Medlem	A	
Astrid F. Selsvold	Medlem	A	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Birthe Eriksen	Medlem	H	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fung. fylkesordfører	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Nils-Olav Næss	Medlem	A
Marte Malones	Medlem	A
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF
Benthe Bondhus	Medlem	Sp

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti
Stein Inge Ryssdal	Tom-Christer Nilsen	H
Dan Femoen	Inge Reidar Kallevåg	H
Atle Kvåle	Nils-Olav Næss	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Marte Malones	A
Pål Kårbø	Torill Selsvold Nyborg	KrF
Jostein Ljones	Benthe Bondhus	Sp

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi
Annbjørg Laupsa	Regionleiar opplæringsavdelinga
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Arne Åsan	Fylkestannlege
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 2/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 3/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/15	Utkast til rutine for varsling - justert etter HAMU 7 jan 2015	2014/19488	
RS 2/15	Kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte 5. desember 2014	2014/15115	
RS 3/15	Innspel til Energimeldinga	2014/23686	
RS 4/15	Staten må ta et større ansvar for naturødeleggelser	2014/23567	
RS 5/15	Ny kostnadsnøkkel for fylkeskommunene - innspill fra Rogaland og Hordaland	2014/21491	
RS 6/15	Oppsummering av Riksantikvarens standpunkt til alternativ for Bybane mot Åsane	2014/10099	
RS 7/15	Obligatorisk bombrikke i Norge	2014/23930	
RS 8/15	Reinholdstenestene under ei eining med vikarpool	2014/13280	
RS 9/15	Innspel om rasfare i Nærøydalen	2015/85	
RS 10/15	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – handlingsplan	2014/10533	
RS 11/15	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - orientering om oppfølging av høyringa	2014/15770	
RS 12/15	Oppsummering av søknader etter tildelingsforskriftene i Akvakulturlova i 2014	2015/157	
RS 13/15	Oppstart av prosjekt Fv 158 - Grindavoll - Lepsøy	2015/102	
RS 14/15	Fv 209 Storskaret - Arefjord - status pr januar 2015	2015/120	
RS 15/15	Brev sendt Samferdselsdepartementet/Samferdselskomiteen	2014/24668	
RS 16/15	Høring - forslag til endringar i lov om interkommunale selskap	2014/22282	
RS 17/15	E-forvaltning i HFK, SvarUT	2014/15543	
RS 18/15	Vedk. nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal	2015/428	
RS 19/15	Ferjesambandet til Austevoll	2015/580	
RS 20/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr januar	2014/1527	
RS 21/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr januar 2015	2014/356	
PS 4/15	Delegerte saker		
DS 1/15	Tariffoppgjer 2014 - budsjettregulering	2014/989	
DS 2/15	Trekk i løn etter streiken - budsjettendring	2014/989	
DS 3/15	Pensjonspremie KLP 2014 - budsjettregulering	2014/989	
DS 4/15	Fornyng av obligasjonslån 360 mill. kr	2015/203	
DS 5/15	Sertifikatlån 340 mill. kr - rulleringsavtale	2015/203	
DS 6/15	Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr	2014/10441	
PS 5/15	Nye ferjeandod i Hordaland - strategiske vegval	2014/19309	

PS 6/15	Handlingsprogram 2015-2018 Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278
PS 7/15	Nordhordlandspakken AS - søknad om driftsmidler for 2015	2014/166
PS 8/15	Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel	2015/7
PS 9/15	Endring av transportvedtekter	2015/189
PS 10/15	8-13 samarbeid i Arna	2014/10030
PS 11/15	8-13 samarbeid i Austrheim	2014/10030
PS 12/15	Avklaringa vidaregåande skuler i Åsane	2014/10030
PS 13/15	Høyring - framlegg til endringar i privatskolelova ("ny friskolelov")	2015/35
PS 14/15	Samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune-Bergen Katedralskole- og Scandinavian School of Brussels frå skuleåret 2014 - 2016	2014/24696
PS 15/15	Dimensjonering – utviding av Bergen Katedralskole	2014/10030
PS 16/15	Høyring om forslag til endring i forskrift om prosjekt til fordjuping	2014/24403
PS 17/15	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14	2014/23262
PS 18/15	Endring i naturgassloven	2014/22282
PS 19/15	Felles Cruisestrategi for Vestlandet	2015/248
PS 20/15	Driftstilskot Fjord Norge AS 2015	2014/22619
PS 21/15	Fråsegn til planprogram for - Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest - reguleringsplan for Bybanen sentrum - Fyllingsdalen	2014/24094
PS 22/15	Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - vedtak om høyring	2014/1512
PS 23/15	Eksportløyising for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Fråsegn Hordaland fylkeskommune	2014/21388
PS 24/15	Endringar i politisk deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen	2014/23871
PS 25/15	Høyring av høyringsnotat om melding til Stortinget om vekst i norsk lakse- og aure oppdrett	2014/22282
PS 26/15	Høyringsnotat - Oppheving av konsesjonsloven og buplikta	2014/22282
PS 27/15	Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar for 2015 og for perioden 2015 til 2017.	2014/11765
PS 28/15	Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune	2014/19488
PS 29/15	Revisjon av etiske retningslinerfor Hordaland fylkeskommune	2014/23249
PS 30/15	Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2015	2014/21722
PS 31/15	Ymse	

PS 1/15 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Fylkesordføreren gjorde merksam på at innhaldet i RS 1/15 ligg som sakstilfang til PS 28/15. RS 1/15 skal difor utgå frå saklista.

PS 12/15 vart trekt frå saklista.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med dei merknadene som er nemnd over.

PS 2/15 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Vedtak

Møtebøkene frå fylkesutvalet 04.12. og 09.12. vart godkjende utan merknader.

PS 3/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Terje Søviknes viste til RS 11/15 "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - orientering om oppfølging av høyringa". Av brevet frå Riksantikvaren kan det sjå ut som om arbeidet held fram, sjølv om fylkesutvalet har vedteke at ein skal vente til konsekvensane er avklarte. Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd opplyste at han ikkje har registrert aktivitet utover at Riksantikvaren er i ein oppsummeringsfase.

Terje Søviknes viste til RS 11/15 "Ferjesambandet til Austevoll", og spurde om fylkeskommunen har vore i kontakt med Austevoll kommune om problemstillingane knytt til ferje 2. Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at det har vore møte med ordføreren i Austevoll. Også Skyss og operatøren skal kontakte kommunen.

Sigbjørn Framnes viste til RS 18/15 "Vedk. nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal". Han spurde om kvifor det i komande anbodskonkurranse vert lagt opp til at Hardanger og Voss blir utlyst som ein rutepakke, og ikkje to som tidlegare. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, svarte at det ikkje er konkurransemessig forskjell mellom ein eller to rutepakkar.

I samband med RS 18/15 spurde **Sigbjørn Framnes** også korleis interessa for dialogkonferansen som Skyss arrangerte i veke 4 var. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, opplyste at det var stor interesse for konferansen og at det kom mange gode innspel.

- RS 1/15 Utkast til rutine for varsling - justert etter HAMU 7 jan 2015
- RS 2/15 Kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte 5. desember 2014
- RS 3/15 Innspel til Energimeldinga
- RS 4/15 Staten må ta et større ansvar for naturødeleggelser
- RS 5/15 Ny kostnadsnøkkel for fylkeskommunene - innspill fra Rogaland og Hordaland
- RS 6/15 Oppsummering av Riksantikvarens standpunkt til alternativ for Bybane mot Åsane
- RS 7/15 Obligatorisk bombrikke i Norge
- RS 8/15 Reinholdstenestene under ei eining med vikarpool
- RS 9/15 Innspel om rasfare i Nærøydalen
- RS 10/15 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – handlingsplan
- RS 11/15 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - orientering om oppfølging av høyringa
- RS 12/15 Oppsummering av søknader etter tildelingsforskriftene i Akvakulturlova i 2014
- RS 13/15 Oppstart av prosjekt Fv 158 - Grindavoll - Lepsøy
- RS 14/15 Fv 209 Storskaret - Arefjord - status pr januar 2015
- RS 15/15 Brev sendt Samferdselsdepartementet/Samferdselskomiteen
- RS 16/15 Høring - forslag til endringar i lov om interkommunale selskap
- RS 17/15 E-forvaltning i HFK, SvarUT
- RS 18/15 Vedk. nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal
- RS 19/15 Ferjesambandet til Austevoll
- RS 20/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr januar
- RS 21/15 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr januar 2015

PS 4/15 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Delegerte saker 1/15 og 3-6/15 vart refererte.

Rasmus Laupsa Rasmussen viste til DS 2/15 "Trekk i løn etter streiken – budsjettendring", og problematiserte at 10,4 mill. kr av det samla trekket i budsjetta for skulane som var råka av streiken i sommar ikkje er tilbakeført til skulane.

Rasmus Laupsa Rasmussen sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalget ber om at DS 2/15 settes opp på sakskartet som politisk sak i neste møte i fylkesutvalget."

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (H).

Vedtak

Fylkesutvalget ber om at DS 2/15 settes opp på sakskartet som politisk sak i neste møte i fylkesutvalget.

DS 1/15 Tariffoppgjer 2014 - budsjettregulering

DS 2/15 Trekk i løn etter streiken - budsjettendring

DS 3/15 Pensjonspremie KLP 2014 - budsjettregulering

DS 4/15 Fornyning av obligasjonslån 360 mill. kr

DS 5/15 Sertifikatlån 340 mill. kr - rulleringsavtale

DS 6/15 Fornyning av sertifikatlån 335 mill. kr

PS 5/15 Nye ferjeanbud i Hordaland - strategiske vegval

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at ferjene våre vert å rekne som ein del av vegsystemet og spelar ei heilt avgjerande rolle i folks kvardag i Hordaland. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide for å auke dei statlege overføringane til ferjedrifta for dermed å sikre ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i Hordaland.
2. Fylkesutvalet har som målsetting at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvennleg. Ein føreset at:
 - a) Ein fornyingsmodell vert lagt til grunn. Den må likevel tilpassast forventningar om statlege tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi.
 - b) Tilpassingar i rutetilbodet til trafikkgrunnlaget vert vurdert, spesielt i område med endringar i infrastrukturen.
3. Kontraktlengde skal vere på mellom 8 og 14 år, inkludert opsjonar.
4. Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Renate Møgster Klepsvik og Atle Kvåle sette på vegne av utvalet fram fylgjande fellesframlegg

Endring punkt 2a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd.

5. Fylkesutvalet ber regjeringa starte eit prosjekt for miljøvennleg ferjeteknologi. Hordaland bør vera pilotfylke.

6. Fylkesutvalet føreset at det vert stilt krav om backup for framdriftsmotorar på samband der dette er særleg aktuelt ut i frå tryggleik og driftssikkerheit, og på samband der det ikkje er omkøyringshøve.

7. Fylkesutvalet ber om at alderskrava på ferjemateriellet vert gjennomgått med tanke på behov for generell fornying av ferjeflåten.

8. Fylkesutvalet føreset at det er vært stilt krav om universell utforming av materiellet, uavhengig av kryssingslengd.
9. Det må stillast krav til fylkessamband at dei skal ta imot lærlingar
10. Det vert forventa at staten bidrar med friske midlar til finansiering.
11. Fylkesutvalet ber om at arbeidsforhold og tryggleik for passasjerar og mannskap vert lagt vekt på.
12. Fylkesutvalet føreset at det vert gjeve løypemeldingar til SAMU og Fylkesutvalet undervegs i arbeidet med utarbeiding av anbudsgrunnlag.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3 og 4 vart samrøystes vedteke.
Renate Møgster Klepsvik og Atle Kvåle sitt fellesforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at ferjene våre vert å rekne som ein del av vegsystemet og spelar ei heilt avgjerande rolle i folks kvardag i Hordaland. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide for å auke dei statlege overføringane til ferjedrifta for dermed å sikre ein meir driftssikker og miljøvennleg ferjeflåte i Hordaland.
2. Fylkesutvalet har som målsetting at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvennleg. Ein føreset at:
 - a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd.
 - b) Tilpassingar i rutetilbodet til trafikkgrunnlaget vert vurdert, spesielt i område med endringar i infrastrukturen.
5. Kontraktlengde skal vere på mellom 8 og 14 år, inkludert opsjonar.
6. Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar.
5. Fylkesutvalet ber regjeringa starte eit prosjekt for miljøvennleg ferjeteknologi. Hordaland bør vera pilotfylke.
6. Fylkesutvalet føreset at det vert stilt krav om backup for framdriftsmotorar på samband der dette er særleg aktuelt ut i frå tryggleik og driftssikkerheit, og på samband der det ikkje er omkøyringshøve.
7. Fylkesutvalet ber om at alderskrava på ferjemateriellet vert gjennomgått med tanke på behov for generell fornying av ferjeflåten.
8. Fylkesutvalet føreset at det er vært stilt krav om universell utforming av materiellet, uavhengig av kryssingslengd.
9. Det må stillast krav til fylkessamband at dei skal ta imot lærlingar.
10. Det vert forventa at staten bidrar med friske midlar til finansiering.
11. Fylkesutvalet ber om at arbeidsforhold og tryggleik for passasjerar og mannskap vert lagt vekt på.
12. Fylkesutvalet føreset at det vert gjeve løypemeldingar til Samu og Fuv undervegs i arbeidet med utarbeiding av anbudsgrunnlag.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, V, KrF, SV, Sp og A fram slikt forslag:

"Innstillinga, med slike endringar:

Justert punkt 2 a):

Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk. Modellen må likevel tilpassast forventningar om statleg tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi.

Tillegg punkt 4:

Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar *med incentivordningar for ferjeselskapa*.

Tillegg punkt 10:

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen/fylkesordføraren tek initiativ overfor andre ferjefylke for å koordinere ei felles oppmoding om auka statleg finansiering av ferje- og båtruter innan fylkeskommunane sitt inntektssystem, ref. varsla gjennomgang av kostnadsnøkkelen for ferje- og båtruter våren 2015.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

"Representanten frå SV meiner vedtaket om miljøstrategi for neste runde med ferjeanbod kan gje eit viktig bidrag til grønt skifte i Noreg. Motorteknologi for lågutslepp og nullutslepp er klar. Det er no opp til våre politiske val om me skal starte no eller om 10-14 år.

Representanten frå SV ber om at samferdselsutvalet og fylkesutvalet vert haldne løpande orienterte om den iverksettinga av grøen strategi som fylkesrådmannen tilrår.

Fylkesordføraren vert oppmoda om å ta kontakt med regjeringa og Stortinget med sikte på å få til ein finansieringsplan for grønt skifte for ferjeflåten som kan gjelde for heile ferje-Noreg."

Røysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til at ferjene våre vert å rekne som ein del av vegsystemet og spelar ei heilt avgjerande rolle i folks kvardag i Hordaland. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide for å auke dei statlege overføringane til ferjedrifta for dermed å sikre ein meir driftssikker og miljøvenleg ferjeflåte i Hordaland.
2. Fylkesutvalet har som målsetting at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvenleg. Ein føreset at:
 - a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk. Modellen må likevel tilpassast forventningar om statleg tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi.
 - b) Tilpassingar i rutetilbodet til trafikkgrunnlaget vert vurdert, spesielt i område med endringar i infrastrukturen.
3. Kontraktlengde skal vere på mellom 8 og 14 år, inkludert opsjonar.
4. Neste generasjon ferjekontraktar vert utforma som bruttokontraktar med incentivordningar for ferjeselskapa.
5. Fylkesutvalet ber regjeringa starte eit prosjekt for miljøvenleg ferjeteknologi. Hordaland bør vera pilotfylke.
6. Fylkesutvalet føreset at det vert stilt krav om backup for framdriftsmotorar på samband der dette er særleg aktuelt ut i frå tryggleik og driftssikkerheit, og på samband der det ikkje er omkøyringshøve.
7. Fylkesutvalet ber om at alderskrava på ferjemateriellet vert gjennomgått med tanke på behov for generell fornying av ferjeflåten.

8. Fylkesutvalet føreset at det er vært stilt krav om universell utforming av materiellet, uavhengig av kryssingslengd.
9. Det må stillast krav til fylkessamband at dei skal ta imot lærlingar.
10. Det vert forventa at staten bidrar med friske midlar til finansiering.

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen/fylkesordføraren tek initiativ overfor andre ferjefylke for å koordinere ei felles oppmoding om auka statleg finansiering av ferje- og båtruter innan fylkeskommunane sitt inntektssystem, ref. varsla gjennomgang av kostnadsnøkkelen for ferje- og båtruter våren 2015.

11. Fylkesutvalet ber om at arbeidsforhold og tryggleik for passasjerar og mannskap vert lagt vekt på.
12. Fylkesutvalet føreset at det vert gjeve løpemeldingar til samferdselsutvalet og fylkesutvalet undervegs i arbeidet med utarbeiding av anbodsgrunnlag.

Protokollmerknad frå SV

Representanten frå SV meiner vedtaket om miljøstrategi for neste runde med ferjeandbod kan gje eit viktig bidrag til grønt skifte i Noreg. Motorteknologi for lågutslepp og nullutslepp er klar. Det er no opp til våre politiske val om me skal starte no eller om 10-14 år.

Representanten frå SV ber om at samferdselsutvalet og fylkesutvalet vert haldne løpande orienterte om den iverksettinga av grønt strategi som fylkesrådmannen tilrår.

Fylkesordføraren vert oppmoda om å ta kontakt med regjeringa og Stortinget med sikte på å få til ein finansieringsplan for grønt skifte for ferjeflåten som kan gjelde for heile ferje-Noreg.

PS 6/15 Handlingsprogram 2015-2018 Kollektivstrategi for Hordaland

Fylkesrådmannen legg med dette fram Handlingsprogram kollektiv 2015-18. Dette er det første handlingsprogrammet knytt til Kollektivstrategi for Hordaland, vedtatt i fylkestinget i juni sak 30/24 . Handlingsprogrammet viser prioriterte tiltak knytt til dei fire hovudtemaa i kollektivstrategien – betre tilbod, enkle reiser, effektive reiser og miljøvenleg drift.

Det er valt ut eit sett måleindikatorar som grunnlag for å måle om utviklinga går i rett retning i høve overordna mål om å ta veksten i persontrafikken i byområda og sikre mobilitet for innbyggjarane i fylket. Måleindikatorane er i stor grad samanfallande med det som er lagt til grunn i søknad om ny belønningssavtale 2015-2018, og det som vil vere felles indikatorsett for framtidig bymiljøavtale. Rapportering på mål og resultat knytt til enkelttiltak vil bli gjort i samband med årleg rullering av handlingsprogrammet.

Det er positivt å få ei samla oversikt over fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet. Dette gjev betre moglegheit til å sjå samanhangen i innsatsen på tvers av einingar i fylkeskommunen, kommunar og statlege etatar, noko som er viktig for å få best mogleg effekt av tiltaka. Langsiktig planlegging og tydelege prioriteringar vil vere viktig for å få til den ønska utviklinga i kollektivsektoren framover.

Det er sett ambisiøse mål for kollektivtransporten, både i fylket og på nasjonalt nivå. Fylkesrådmannen ser ei klar utfordring i gapet mellom målsettingar og ressursar og kapasitet til å gjennomføre nødvendige tiltak. Tiltaka som her er prioritert vil ikkje vere tilstrekkelege for å nå dei overordna måla.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Silja Ekeland Bjørkly sette fram forslag om å utsetja saka.

Røysting

Forslaget om å utsetja saka vart vedteke mot 1 røyst (Anne-Line Innvær).

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Røysting

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Atle Kvåle sette på vegne av A, SV, SP fram forslag om tillegg til innstillinga.

1. Som innstillinga
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber SVV leggja fram plan for gjennomføring.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut av veggen.
5. Reklamefinansiering av kollektivtransport skal ut av planen.
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til nye pkt 2-5 fekk 6 røyster (A, SV, SV, KRF) og fall.

Atle Kvåle sitt forslag til nye pkt 6 fekk 5 røyster (A, SV, SV) og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag:

1. "Som innstillinga.
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber Statens vegvesen leggja fram plan for gjennomføring.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrkt kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut av veggen.
5. Reklamefinansiering av kollektivtransport skal ut av planen.

6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er."

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) for Oen sitt forslag punkt 1-5.

Oen sitt forslag punkt 6 fekk 6 røyster (SV, A, Sp) og fall.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland.

Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

PS 7/15 Nordhordlandspakken AS - søknad om driftsmidlar for 2015

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet for 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Pål Kårbø stilte spørsmål om habiliteten sin som styreleiar/dagleg leiar av Nordhordlandspakken AS.

Utvalet vedtok samrøystes at Kårbø var inhabil, og han gjekk ifrå under handsaminga av saka.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet for 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Pål Kårbø gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga var samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr. 200 000 til Nordhordlandspakken AS til drift av selskapet for 2015, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett.

PS 8/15 Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga var samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekt innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.

PS 9/15 Endring av transportvedtekter

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til føreslåtte endringar i transportvedtekter, og ber fylkesrådmannen førebu og sende søknad til Samferdselsdepartementet om gjennomføring av desse endringane.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til føreslåtte endringar i transportvedtekter, og ber fylkesrådmannen førebu og sende søknad til Samferdselsdepartementet om gjennomføring av desse endringane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag a):

"§ 11. Barnevogner skal takast med."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag b):

"Ikkje auke i straffegebyr."

Røysting

Oen sitt forslag a) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag b) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til føreslåtte endringar i transportvedtekter, og ber fylkesrådmannen førebu og sende søknad til Samferdselsdepartementet om gjennomføring av desse endringane.

PS 10/15 8-13 samarbeid i Arna

Forslag til innstilling

1	Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2	Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.

3	<p>Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde. 2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom. 3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling). 4. Forsøk med 8-13-skule med <u>ein</u> felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.
---	--

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2	Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3	<p>Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 5. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde. 6. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom. 7. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling). 8. Forsøk med 8-13-skule med <u>ein</u> felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2. Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3. Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:
 1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.
 2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.

3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).
4. Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.

PS 11/15 8-13 samarbeid i Austrheim

Forslag til innstilling

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom HFK og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT 1).

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom HFK og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT 1).

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT. 1).

PS 12/15 Avklaringa vidaregåande skuler i Åsane

Forslag til innstilling

1	I det vidare programmeringsarbeidet for nye Åsane vgs skal det leggjast til grunn ei integrering av avdeling Fossane. Representantar frå Kriminalomsorga må involverast i det vidare programmeringsarbeidet og i planlegginga av skulen. Vidare ser fylkesrådmannen det som tenleg at skulen i si bemanning har sosialpedagogiske ressursar der fengselsfagleg kompetanse inngår.
2	Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidsretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringsssenter for byggfag skal inkluderast i den vidare planlegginga av skulen. Parallelt med programmeringa av skulen skal det gjerast ein gjennomgang av tilbodsstrukturen i Stor-Bergen innan yrkesfaga.
3	Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs blir framskunda til 2016 slik at arbeidet er ferdig før Nye Åsane vgs vert teken i bruk. I samband med dette arbeidet blir det bygt ny idrettshall på Tertnes. ID blir flytta frå Nye Åsane vgs til Tertnes vgs. Tilbodet på skulane blir som vist i tabell i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Yrkesopplæringsnemnda sette fram følgjande forslag:

Y-nemnda tilrår at i første setning i pkt. 1 endres ordlyden «skal leggjast til grunn» med ordlyden « det skal vurderes».

Y-nemnda ønsker å få gi nytt råd før endelig beslutning fattes.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda tilrår at i første setning i pkt. 1 endres ordlyden «skal leggjast til grunn» med ordlyden «det skal vurderast».

Yrkesopplæringsnemnda ønskjer å få gi nytt råd før endelig beslutning vert fatta.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Rasmus L. Rasmussen sette fram følgjande forslag: «Saka vert utsett».

Utsettingsforslaget fekk 5 røyster (AP + SP) og fall.

Rosalind Fosse sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

1. I det vidare programarbeidet for nye Åsane vgs vurderes det til grunn ei integrering av avd. Fossane. Det forutsettes en tett dialog med kriminalomsorgen vedrørende risikovurdering ved en slik løsning. I den grad kriminalomsorgen er av den oppfatning at en samlokalisering vil være til fare for ungdomsmiljøet, beholdes avd. Fossane.
2. Integreres Fossane, må representanter fra kriminalomsorgen involveres videre i programarbeidet og planlegging av skolen. Skolen må i så tilfelle ha bemanning av sosialpedagogiske ressurser der fengsel fag inngår.
3. Som innstilling pkt. 2
4. Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs blir fremskjøvet til 2016 slik at arbeidet er ferdig før Nye Åsane vgs blir tatt i bruk. Det må tas kontakt med Bergen kommune for å se på en snarlig løsning vedrørende bygging av idrettshall i Myrdalsområdet. Lykkes det ikke med å få Bergen med på en snarlig løsning bygges det ny idrettshall på Tertnes i fylkeskommunal regi. ID blir flyttet fra Nye Åsane vgs til Tertnes vgs. Tilbudet på skolene blir som vist i tabell i saksutredningen.
5. Det må undersøkes med Bergen kommune med tanke på sambruk/integrering av kulturbygg.
6. Da Haugeveien ikke har de kvaliteter som er tjenlig for Fagskolen i Hordaland på sikt, vurderes Åsane som et alternativ.

Røysting

Fosse sitt framlegg til pkt. 1, 4 og 6 vart vedteke mot 5 røyster (AP + SP)

Fosse sitt framlegg til pkt. 2, 3 og 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 og 3 fekk 5 røyster (AP + SP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke som pkt. 3. i innstillinga.

Innstilling

1	I det vidare programarbeidet for nye Åsane vgs vurderes det til grunn ei integrering av avd. Fossane. Det forutsettes en tett dialog med kriminalomsorgen vedrørende risikovurdering ved en slik løsning. I den grad kriminalomsorgen er av den oppfatning at en samlokalisering vil være til fare for ungdomsmiljøet, beholdes avd. Fossane.
2	Integreres Fossane, må representanter fra kriminalomsorgen involveres videre i programarbeidet og planlegging av skolen. Skolen må i så tilfelle ha bemanning av sosialpedagogiske ressurser der fengsel fag inngår.
3	Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringsssenter for byggfag skal inkluderas i den vidare planlegginga av skulen. Parallelt med programmeringa av skulen skal det gjerast ein gjennomgang av tilbudsstrukturen i Stor-Bergen innan yrkesfaga.
4	Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs blir fremskjøvet til 2016 slik at arbeidet er ferdig før Nye Åsane vgs blir tatt i bruk. Det må tas kontakt med Bergen kommune for å se på en snarlig løsning vedrørende bygging av idrettshall i Myrdalsområdet. Lykkes det ikke med å få Bergen med

	på en snarlig løsnig bygges det ny idrettshall på Tertnes i fylkeskommunal regi. ID blir flyttet fra Nye Åsane vgs til Tertnes vgs. Tilbudet på skolene blir som vist i tabell i saksutredningen.
5	Det må undersøkes med Bergen kommune med tanke på sambruk/integrering av kulturbygg
6	Da Haugeveien ikke har de kvalitetar som er tjenlig for Fagskolen i Hordaland på sikt, vurderes Åsane som et alternativ.

Protokollmerknad frå KRF:

«Fylkesutvalet ber rådmannen ta kontakt med Bergen kommune for eit evt. samarbeid om eit kulturhus for Åsane i forbindelse med realisering av ny Åsane vg. skule».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Saka vart trekt.

PS 13/15 Høyring - framlegg til endringar i privatskulelova ("ny friskulelov")

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet har ingen merknader til forslaget om endringar i privatskulelova.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 20.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstiling

Fylkesutvalet har ingen merknader til forslaget om endringar i privatskulelova.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet går mot hovudretninga i framlegget som vil opne for fleire private skular.

Kunnskapsdepartementet vil endre namnet på lova frå Lov om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova) til Lov om frittstående skular (friskulelova).

Fylkesutvalet meiner friskule er eit ideologisk lada omgrep utan substansielt innhald. Vi tolkar dette som eit retorisk grep for å konstruere ufarlege omgrep rundt endringar i offentleg sektor. Språkbruken kan elles indikere at nokre (offentlege) skular faktisk er ufrie.

Fylkesutvalet meiner at universelle velferdstenester bør drivast av det offentlege. Dette er den beste garantien for at samfunnet sine fellesverdiar vert nytta som føreset.

I følge departementet vil ei friskulelov medverke til valfridom, mangfald, skuleutvikling og meir læring gjennom reelle alternativ i form av anna pedagogisk tilbod og anna organisering.

Fylkesutvalet er usamd i denne vurderinga og departementet sin bruk av desse honnørorda. Vi meiner konsekvensane kan bli heilt annleis enn departementet sine proklamasjonar. Den valfridomen og det mangfaldet som departementet syner til har ein openbar geografisk effekt der private skular kan innebere fleire val for nokre elevlar i sentrale strøk, men samstundes fråvær av val i utkantstrok. Denne geografiske og til dels sosiale skilnaden vert forsterka med departementet sitt framlegg. Framlegget vil kunne forsterke den segregeringa og den sosiale reproduksjonen, samstundes som likeverdet og fellesskolen vert svekka. Det finst ingen heller ingen dokumentasjon for at elevane si læring vert styrkt gjennom fleire private skular. Sverige har heilt andre erfaringar.

2. Fylkesutvalet går mot ei utviding av godkjeningsgrunnlaget til å omfatte vidaregåande opplæring i yrkesfag og profilskular.

Fylkesutvalet støttar ikkje framlegget om å utvide retten til såkalla profilskular. Mange offentlege vidaregåande skular er allereie i stor grad skular med ein klar profil, og det er ingenting i læreplanar eller organisering av den offentlege skulen som tilseier at ikkje dei offentlege skulane er dei som er best rusta for å vere såkalla profilskular. Forskarliner og realfagsfordjuping har vore tilbod i mange år. Det er dei økonomiske rammene som i dag set avgrensingar for kva kommunar og fylkeskommunar kan tilby av profilering innan fagfordjuping og spesialisering.

Fylkesutvalet meiner at det er svært uheldig om det no vert ei omfattande privatisering av yrkesopplæringa. Over tid, ikkje minst i samband med Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen*, har det vore arbeidd systematisk for betre kvalitet og relevans i fag- og yrkesopplæringa. Det har vore jobba for betre samarbeid mellom skular og bedrifter, både på nasjonalt og lokalt nivå gjennom tre-partssamarbeidet. Fylkesutvalet meiner at vi på denne måten er på rett veg. Vi er sterkt uroa over arbeidslivet sin eigarskap til fag- og yrkesopplæringa dersom ein no startar opp mange private tilbod, også i regi av opplæringskontor/bransjar e.l. Vi fryktar at bedriftene vil oppleve det som mindre forpliktande å ta i mot elevar, lærekandidatar og lærlingar. Vi vil også streke under at det faktisk er offentlege midlar dei private tilboda skal drivast med. Vi meiner partsamarbeidet om fag- og yrkesopplæringa vil vere truga av ei privatisering av opplæringa.

- 3. Fylkesutvalet støttar ikkje endring i godkjenning og tilskot til IB-skular (International Baccalaureate)**
- 4. Fylkesutvalet støttar ikkje forslag om endring i statstilskot til kompletterande undervisning.**
- 5. Fylkesutvalet støttar ikkje forslag om endring i timar til valfag på ungdomssteget**
- 6. Fylkesutvalet støttar einskildframlegg om innskjerping av utbytteforbodet og om reglar for å kunne gje karantene.**
- 7. Fylkesutvalet støttar framlegg om grunnlag for godkjenning.**
Departementet gjer framlegg om ny § 2-1 første ledd andre punktum: Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast.
- 8. Fylkesutvalet ser det som positivt at avgrensinga i eigarskap i selskap som driv næringsverksemd vert presisert i lovteksten."**

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 9 røyster mot 6 røyster (SV, A, Sp) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Fylkesutvalet har ingen merknader til forslaget om endringar i privatskulelova.

PS 14/15 Samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune-Bergen Katedralskole- og Scandinavian School of Brussels frå skuleåret 2014 - 2016

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at Bergen Katedralskole opprettar eit samarbeid med Scandinavian School of Brussels for å utarbeide eit tilbod for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar på Bergen Katedralskole frå skuleåret 2015 – 2016. Tilbodet vil i første omgang gjelde for ein periode på tre år.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 20.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at Bergen Katedralskole opprettar eit samarbeid med Scandinavian School of Brussels for å utarbeide eit tilbod for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar på Bergen Katedralskole frå skuleåret 2015 – 2016. Tilbodet vil i første omgang gjelde for ein periode på tre år.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at Bergen Katedralskole opprettar eit samarbeid med Scandinavian School of Brussels for å utarbeide eit tilbod for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar på Bergen Katedralskole frå skuleåret 2015-2016. Tilbodet vil i første omgang gjelde for ein periode på tre år.

PS 15/15 Dimensjonering – utviding av Bergen Katedralskole

Forslag til innstilling

Dimensjonering på skulen blir som vist i tabell under. Dette inneber ei utviding frå 4 til 6 parallellar på det ordinære studiespesialiserande (ST) tilbodet. IB vert utvida med 1 parallell til 2 parallellar inkludert førebuande International Baccalaureate (IB).

Innføringsklassen for minoritetsspråklege (AO) og tilbodet til minoritetsspråklege i ordinært løp vert vidareført. Når det gjeld tilbodet til minoritetsspråklege, er det sett i gong eit arbeid for å betre tilbodet generelt. Tilbodet for minoritetsspråklege på skulen må difor sjåast i samanheng med iverksetjing av nye tiltak i forhold til denne gruppa framover.

KLASSETRINN	AO/E-KLASSE (0.5 PARALLELL)	IB (2 parallellar)	ST (6 parallellar)	TOTALT (8.5 parallellar)
IF/AO	30	0	0	30
VG1/PRE-IB	15	54	162	231
VG2/2IB	15	54	162	231
VG3/3IB	15	54	162	231
SUM	75	162	486	723

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 20.01.2015

Torstein Gunnarson sette fram følgjande utsetjingsforslag:

«Saka blir utsett og sett i samanheng med samla sak om dimensjonering i Bergensregionen (Stor-Bergen).»

Gunnarson sitt forslag fekk 5 røyster (V + H) og fall.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Dimensjonering på skulen blir som vist i tabell under. Dette inneber ei utviding frå 4 til 6 parallellar på det ordinære studiespesialiserande (ST) tilbodet. IB vert utvida med 1 parallell til 2 parallellar inkludert førebuande International Baccalaureate (IB).

Innføringsklassen for minoritetsspråklege (AO) og tilbodet til minoritetsspråklege i ordinært løp vert vidareført. Når det gjeld tilbodet til minoritetsspråklege, er det sett i gong eit arbeid for å betre tilbodet generelt. Tilbodet for minoritetsspråklege på skulen må difor sjåast i samanheng med iverksetjing av nye tiltak i forhold til denne gruppa framover.

KLASSETRINN	AO/E-KLASSE (0.5 PARALLELL)	IB (2 parallellar)	ST (6 parallellar)	TOTALT (8.5 parallellar)
IF/AO	30	0	0	30
VG1/PRE-IB	15	54	162	231
VG2/2IB	15	54	162	231
VG3/3IB	15	54	162	231
SUM	75	162	486	723

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Dimensjonering på skulen blir som vist i tabell under. Dette inneber ei utviding frå 4 til 6 parallellar på det ordinære studiespesialiserande (ST) tilbodet. IB vert utvida med 1 parallell til 2 parallellar inkludert førebuande International Baccalaureate (IB).

Innføringsklassen for minoritetsspråklege (AO) og tilbodet til minoritetsspråklege i ordinært løp vert vidareført. Når det gjeld tilbodet til minoritetsspråklege, er det sett i gong eit arbeid for å betre tilbodet generelt. Tilbodet for minoritetsspråklege på skulen må difor sjåast i samanheng med iverksetjing av nye tiltak i forhold til denne gruppa framover.

Klassetrinn	AO/E-klasse (0.5parallell)	IB (2 parallellar)	ST (6 parallellar)	Totalt (8.5 parallellar)
IF/AO	30	0	0	30
VG1/PRE-IB	15	54	162	231
VG2/2IB	15	54	162	231
VG3/3IB	15	54	162	231
SUM	75	162	486	723

PS 16/15 Høyring om forslag til endring i forskrift om prosjekt til fordjuping

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt høyringssvar som offisiell uttale frå Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 13.01.2015

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt høyringssvar som offisiell uttale frå Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 20.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt høyringssvar som offisiell uttale frå Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt høyringssvar som offisiell uttale frå Hordaland fylkeskommune.

PS 17/15 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

PS 18/15 Endring i naturgassloven

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland støtter Olje- og energidepartementet sitt framlegg om endringar i naturgassloven.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland støttar Olje- og energidepartementet sitt framlegg om endringar i naturgasslova.

PS 19/15 Felles Cruisestrategi for Vestlandet

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til vedtaket i Vestlandsrådet om at det vert utarbeidd ein overordna cruisestrategi for Vestlandet som tek utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter som er omtala i forstudien utarbeidd av dei fire Vestlandsfylka. Vidare at cruisestrategien innarbeidas som ein del av «Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til vedtaket i Vestlandsrådet om at det vert utarbeidd ein overordna cruisestrategi for Vestlandet som tek utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter som er omtala i forstudien utarbeidd av dei fire Vestlandsfylka. Vidare at cruisestrategien vert innarbeidd som ein del av "Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020".

PS 20/15 Driftstilskot Fjord Norge AS 2015

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for vidareføre den eksisterande rammeavtala med Fjord Norge AS som er på 1,47 mill. kr. indeksregulert. I tillegg løyver Hordaland fylkeskommune kr 1,5 mill. kr. til vidareføring av aktivitetar nærare omtalt i samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet. Støtta blir gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott».
2. Støtta blir gitt for 2015 og vil bli vurdert på nytt for ein lengre periode frå 2016 på bakgrunn av eigarane si avklaring i høve til Fjord Norge AS sine oppgåver og resultatmål.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for vidareføre den eksisterande rammeavtala med Fjord Norge AS som er på 1,47 mill. kr indeksregulert. I tillegg løyver Hordaland fylkeskommune kr 1,5 mill. kr til vidareføring av aktivitetar nærare omtalt i samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet. Støtta blir gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott».
2. Støtta blir gitt for 2015 og vil bli vurdert på nytt for ein lengre periode frå 2016 på bakgrunn av eigarane si avklaring i høve til Fjord Norge AS sine oppgåver og resultatmål.

PS 21/15 Fråsegn til planprogram for - Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest - reguleringsplan for Bybanen sentrum - Fyllingsdalen

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggest vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.
4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
 - Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må leggje særleg vekt på utforminga av traséen.
5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågåande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Tillegg til pkt. 3:

Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

Tillegg kulepunkt under pkt.5:

Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

Tom Sverre Tomren (MSG) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalet:

«Tillegg til pkt. 2: Hordaland fylkeskommune vil understreke viktigheten av at vidare fremdrift og arbeid med bybane nordover ikke skal stoppes eller hindres.»

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til nytt pkt. 6 på vegner av utvalet:

«Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer inn mot sentrum frå alle bydelar, gjerne langs framtidige bybanetrasear der dette er hensiktsmessig.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2, og 4 vart samrøystes vedteke.

Njærheim sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H, V, Frp og Krf) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 5 røyster (A og MDG) og fall.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggjast vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
Hordaland fylkeskommune vil understreke viktigheten av at vidare framdrift og arbeid med bybane nordover ikkje skal stogast eller hindrast.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.
Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.
4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
 - Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må leggje særleg vekt på utforminga av traséen.

5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågåande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.
 - Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.
6. Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer inn mot sentrum frå alle bydelar, gjerne langs framtidige bybanetrasear der dette er hensiktsmessig.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Tore Turøy sette på vegne av V, FRP, H fram følgjande forslag.

Tillegg til pk. 3

- Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

Tillegg kulepunkt under pk. 5

- Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

Nytt punkt 6.

Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer langs heile Bybaneruta. Dette kan vere med å nå målsettinga om minst 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tore Turøy sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H, FRP, V).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggjast vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet. Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av

bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
 - Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
 - Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
 - Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må leggje særleg vekt på utforminga av traséen.
5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
 - Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågåande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.
 - Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.
6. Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer langs heile Bybaneruta. Dette kan vere med å nå målsettinga om minst 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og KrF fram slikt forslag:

"a) Nytt punkt 6:

Fylkesutvalet ber om at ein trasé som kryssar Puddefjordsbroen vert vurdert for framtidig tilbod til Laksevåg, Loddefjord, Sotra og Askøy. Denne traséen bør starte på Mindemyren og gå via Haukeland sjukehus.

b) Tillegg punkt 4:

Traséval må ikkje koma i konflikt med ei mogleg dagline for bybana."

Atle Kvåle sette fram slikt forslag:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
 - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
 - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
 - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
 - Det må leggjast vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
 - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen.

Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.

4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:

- Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
- Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt.
- Jernbanen sitt areal langs delstrekninga.
- Senterutvikling.
- Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt på utforminga av traséen.

5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:

- Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
- Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågåande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Oen sitt forslag a) fekk 2 røyster (SV, KrF) og fall.

Oen sitt forslag b) fekk 2 røyster (SV, KrF) og fall.

Innstillinga vart vedteken med 9 røyster mot 6 røyster (A, SV, Sp) for Kvåle sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.

- Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
- Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
- Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
- Det må leggast vekt på potensiale for byutvikling i tilknytning til dei ulike korridorar.
- Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.

2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.

Hordaland fylkeskommune vil understreke viktigheten av at vidare framdrift og arbeid med bybane nordover ikkje skal stogkast eller hindrast.

3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.

Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:

- Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.
- Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
- Jernbanen sitt areal langs delstrekninga

- Senterutvikling.
 - Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt på utforminga av traséen.
5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert vektlagt:
- Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddel.
 - Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågåande planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.
 - Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.
6. Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer inn mot sentrum frå alle bydelar, gjerne langs framtidige bybanetrasear der dette er hensiktsmessig.

PS 22/15 Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - vedtak om høyring

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 20.01.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1.februar til 20.mars 2015.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional plan for areal- og transport for Haugalandet*. Høyringsperioden vert 1. februar til 20. mars 2015.

PS 23/15 Eksportløysing for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Fråsegn Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek konsekvensutgreiing og fråsegn til orientering

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (MDG – Tomren).

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek konsekvensutgreiing og fråsegn til orientering

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek konsekvensutgreiing og fråsegn til orientering.

PS 24/15 Endringar i politisk deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vel følgjande representantar til å representere Hordaland fylkeskommune i dei 3 tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen der det manglar fast representant i dag

- Culture and tourism: _____
- Economic development: _____
- Marine resources: _____

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Terje Søviknes gjorde framlegg om Silje Hjemdal som representant i arbeidsgruppa Culture and tourism.

Dan Femoen gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som representant i arbeidsgruppa Marine resources.

Jostein Ljones gjorde framlegg om Sveinung Valle som representant i arbeidsgruppa Economic development.

Røysting

Søviknes, Femoen og Ljones sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande representantar til å representere Hordaland fylkeskommune i dei 3 tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen der det manglar fast representant i dag.

Culture and tourism: Silje Hjemdal
Economic development: Sveinung Valle
Marine resources: Mona Røsvik Strømme

PS 25/15 Høyring av høyringsnotat om melding til Stortinget om vekst i norsk lakse- og aure oppdrett

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er grunnleggjande einig i framstillinga av vekst- og berekraftsutfordringane i høyringsnotatet, og meiner forslaga er relevante for å fremje ei meir robust, føreseieleg og miljøriktig forvaltning og teknologi.
2. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å styre vekst etter handlingsreglar basert på miljøindikatorar, og at ein startar med å nytte lakselus og utslepp på områdenivå som berekraftsindikatorar. Samstundes ber ein om at fagetatane sin oppfølging av eksisterande lokalitetsavhengige miljøindikatorar vert styrka.
3. Hordaland har erfaring med fleire forslag om kollektiv reduksjon av produksjon i Hardanger/-Sunnhordland. I praksis er dette særst vanskeleg å gjennomføre, og denne kunnskapen må takast med i det vidare i arbeidet.
4. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å oppheve bindinga for løyva til Fiskeridirektoratet sine administrative grenser og erstatta dette med binding til meir funksjonelle produksjonsområde. Fylkeskommunen må vera delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer at meldinga til Stortinget i større grad skal vurdere effekten og konsekvensar av lukka oppdrettssystem. Løysingane kan bidra innan alle berekraftsutfordringane som vert trekt opp i høyringsnotatet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og A fram slik protokollmerknad:

"SV og Ap meiner at det ikkje må koma auke i denne næringa før ein har fått kontroll med:

1. genetisk påverknad og rømming
2. forureining og utslepp, 3. sjukdom og parasittar
4. arealbruk, 5. forressursar, 6. tropisk yngel, 7. id-merking

Det kan best gjerast med å på sikt å krevja produksjonen inn i lukka anlegg og ikkje auke i biomassen, triploid yngel og id merking."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er grunnleggjande einig i framstillinga av vekst- og berekraftsutfordringane i høyringsnotatet, og meiner forslaga er relevante for å fremje ei meir robust, føreseieleg og miljøriktig forvaltning og teknologi.
2. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å styre vekst etter handlingsreglar basert på miljøindikatorar, og at ein startar med å nytte lakselus og utslepp på områdenivå som berekraftsindikatorar. Samstundes ber ein om at fagetatane sin oppfølging av eksisterande lokalitetsavhengige miljøindikatorar vert styrkt.
3. Hordaland har erfaring med fleire forslag om kollektiv reduksjon av produksjon i Hardanger/-Sunnhordland. I praksis er dette særst vanskeleg å gjennomføre, og denne kunnskapen må takast

med i det vidare i arbeidet.

4. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å oppheve bindinga for løyva til Fiskeridirektoratet sine administrative grenser og erstatta dette med binding til meir funksjonelle produksjonsområde. Fylkes-kommunen må vera delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer at meldinga til Stortinget i større grad skal vurdere effekten og kon-sekvensar av lukka oppdrettssystem. Løysingane kan bidra innan alle berekraftsutfordringane som vert trekte opp i høyringsnotatet.

PS 26/15 Høyringsnotat - Oppheving av konsesjonsloven og buplikta

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune meiner at det bør gjennomførast ei konsekvensutgreiing for oppheving av konsesjonslova og buplikta og at ein på bakgrunn av denne gjennomfører ei ny høyring.
2. Hordaland fylkeskommune kan ikkje ut frå den informasjonen som nå føreligg ta stilling til Det kongelige landbruks- og matdepartement sitt forslag om oppheving av konsesjonslova og buplikta.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, og V fram slikt forslag:

"Alternativt framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om å oppheve lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven), samt å oppheve enkelte reglar i lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

"Alternativt framlegg til vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune går mot å fjerne konsesjonsregelverk og buplikt slik Landbruks- og matdepartementet foreslår.
2. Veksande folketal og nye matvanar krev auka matproduksjon. Areal eigna for matproduksjon må sjåast på som eit fellesgode. Styresmaktene bør difor ha eit verktøy for å kunne regulere kjøp og sal av landbrukseigedomar, der omsynet til mål om auka matproduksjon er avgjerande.
3. Eigedomsretten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat bør vege tyngre enn omsynet til den som skal selje. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress og at mange landbrukseigedomar blir omgjort til fritidseigedomar. Det kan fortrenge dei som vil bruke jorda til matproduksjon, og true fast busetjing i bygdene.
4. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverk, med mål om forenkla, forbetring og meir systematisk handheving. Men endringar må byggje på kunnskap om konsekvensane, og ikkje gå ut over mål om å sikre ressursar til matproduksjon."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om å oppheve lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven), samt å oppheve enkelte reglar i lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt.

PS 27/15 Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar for 2015 og for perioden 2015 til 2017.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»:
 - Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 650 000 for 2015
 - Fellestenester reiseliv med kr 800 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - Regionale tiltakskontor med kr 875 000 for 2015
 - Bergen Vitensenter AS med kr 3 550 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - HOG Energi med kr 850 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - Western Norway Film Commisison med kr 500 000 for 2015
 - Filmfondet FUZZ med kr 650 000 for 2015
 - Impact HUB Bergen med kr 570 000 pr år for åra 2015 til 2017
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015:
 - NCE Media med kr 350 000 pr år for åra 2015 og 2016
 - NCE Maritime CleandTech med kr 350 000 pr år for åra 2015 og 2016
 - UPTIME Centre of Competence med kr 300 000 pr år for åra 2015 og 2016
 - Nordhordland næringshage med kr 300 000 pr år for åra 2015 til 2017
 - Connect Vest med kr 540 000 pr år for åra 2015 til 2017.
 - Mediaregion Bergen med kr 500 000 for 2015, kr 450 000 for 2016 og kr 350 000 for 2017.
3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjelder at støtte for 2016 og 2017 kan bli justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Dan Femoen gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Bergen Vitensenter AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Rasmus Laupsa Rasmussen stilte spørsmål om han var ugild fordi han er varamedlem i same selskap. Han har ikkje delteke i behandlinga av saka. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Rasmus Laupsa Rasmussen ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Rasmussen gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"a) SV støttar ikkje tildelinga til HOG Energi.

b) Fylkesutvalet meiner at det viktig å gje midlar til utviklingsaktørar som fremjar ny teknologi på ferjer, og ber administrasjonen om å laga sak på dette."

Astrid F. Selsvold sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 4:

Fylkesutvalet ber om at saka vert teke opp på ny i januar 2016."

Røysting

Oen sitt forslag a) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag b) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Selsvold sitt forslag fekk 7 røyster og fall. 7 representantar (H, Frp, V), med fylkesordføraren si røyst, røysta mot.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsakørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»:
 - Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 650 000 for 2015.
 - Fellestenester reiseliv med kr 800 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Regionale tiltakskontor med kr 875 000 for 2015.
 - Bergen Vitensenter AS med kr 3 550 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - HOG Energi med kr 850 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Western Norway Film Commisson med kr 500 000 for 2015.
 - Filmfondet FUZZ med kr 650 000 for 2015.
 - Impact HUB Bergen med kr 570 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015:
 - NCE Media med kr 350 000 pr. år for åra 2015 og 2016.
 - NCE Maritime CleandTech med kr 350 000 pr. år for åra 2015 og 2016.
 - UPTIME Centre of Competence med kr 300 000 pr. år for åra 2015 og 2016.
 - Nordhordland næringshage med kr 300 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Connect Vest med kr 540 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Mediaregion Bergen med kr 500 000 for 2015, kr 450 000 for 2016 og kr 350 000 for 2017.
3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjeld at støtte for 2016 og 2017 kan bli justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.

PS 28/15 Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Hovudarbeidsmiljøutvalet - 16.12.2014

Vedtak

Saken vert utsett til neste møte.

Saksprotokoll i Hovudarbeidsmiljøutvalet - 07.01.2015

Innstilling

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune – med dei endringar som kom fram i møtet, ref. skriftleg framlegg frå Rune Stadsnes – vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 20.01.2015

Innstilling

Utkast til reviderte retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som retningslinjer for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.01.2015

Birthe Eriksen sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Endringsforslag til utkast til varslingsrutine i Hordaland fylkeskommune

I det følgjande viser endringsforslaga i samsvar med rekkefølga i dokumentet.

Innleiingsvis vert det tilrådd at dei ulike punkta i rutinen vert nummerert, då det gir betre oversikt og det blir lettare å vise til rutinen i t.d. informasjon og opplæring.

Innleiing **Føremål**

Nytt samla første avsnitt. Tillegg merka:

I Hordaland fylkeskommune er det ønskjeleg at tilsette seier frå dersom dei får kjennskap til kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Desse rutinane skal legge til rette for varsling, og gjev køyrereglar for intern handtering av varslingssituasjonar. Rutinane skal sikre ein låg terskel for å varsle, som er ein føresetnad for ein open organisasjonskultur. Dei skal og bidra til å forebygge og handtere konflikt.

Grunngjeving: Det er på sin plass å styrke understrekningen av betydningen av en åpen organisasjonskultur slik dette gjøres i forarbeidene til arbeidsmiljøloven § 3-6 som pålegger regulering av intern varsling. En åpen organisasjonskultur er en forutsetning for en sunn organisasjonskultur med lav terskel for intern varsling og redusert risiko for konflikt. Det er også av verdi å styrke varslingsrutinenes funksjon som verktøy for å forebygge og håndtere konflikt. Vi VET at manglende forutberegnelighet ved varsling for både arbeidstaker og arbeidsgiver er en viktig årsaksfaktor ift å øke risikoen for alvorlige konflikter.

Definisjonar

I avsnitt to er følgjande, merka tillegg foreslått:

Døme på kritikkverdige tilhøve er:

- Tilhøve som fører med seg fare for liv og helse
- Mobbing, diskriminering og trakassering
- Korrupsjon
- Underslag, tjuveri eller økonomisk svik
- Brot på teieplikta, personvern eller tryggingsrutinar
- Maktmisbruk

Grunngjeving: Det er naturleg at personvernbrott vert nemnd som kategori ved sidan av brott på teieplikt m.v.

Kva som elles vert rekna som eit kritikkverdig tilhøve, skal tolkast i lys av kva det er knytt til samfunnsinteresse til, altså at det må gjelde noko fylkeskommunen skal, og venteleg kan gjera noko med. Varselet bør vere tilstrekkeleg konkret til at fylkeskommunen kan forstå at det er tale om eit varsel og kva ein varslar om.

Vanleg tenestemessig kommunikasjon er ikkje å rekne som varsling.

I fylkeskommunen skal ein søkje å løyse saker på lågast mogleg nivå. Viss ei sak blir handsama på rett nivå, skal ein normalt vente på konklusjonen frå denne handsaminga.

Tilhøve som berre gjeld den tilsette si eiga tilsetjing, t.d. eiga løn, individuell personalmessig oppfølging eller eigen kommunikasjon med leiar, gjev heller ikkje grunnlag for varsling. Viss det er snakk om meir generelle problem som òg gjeld andre, vil ytringa likevel kunne vere varsling. Politiske eller moralske ytringar er som regel heller ikkje varsling.

Grunngjeving: Det er tre hovudkategoriar ytringar som typisk ikkje kvalifiserer som varsling. Den eine er den som er foreslått: Brot på arbeidstakers eigne arbeidsvilkår. Dei andre som er særleg aktuelle i offentleg sektor, er ytringar av politisk eller moralsk art som ofte vil vere ytringar som er lovlege under den ålmenne ytringsfridomen, men som ikkje reknast som varsling.

Nærmare om korleis ein varslar

Følgjande presiseringar er foreslått i siste avsnitt:

Varselet skal gjere dei overordna og fylkeskommunen i stand til å forstå at det er tale om eit varsel, og gje grunnlag for å undersøke saka. Det er difor viktig at ein er så spesifikk og presis som mogleg når ein varslar. Arbeidstakar må vere i god tru om dei tilhøva han varslar om.

Dersom du som varslar treng rådgiving i saka kan du kontakte fylkeskommunen si bedriftshelseteneste, tillitsvalde eller verneombod.

Grunngjeving: Det første forslaget er kun ei språkleg presisering. Det er naturleg at kravet om god tru kjem fram i dette avsnittet. Det er og naturleg å nemne andre som kan gje råd i tillegg til bedriftshelsetenesta. Dette er dessutan og eit punkt som bør adresserast under kurs/opplæring i samarbeid med særleg fagforeiningane som har eit særleg kompetansebehov, nettopp som følgje av den spesielle rolla tillitsvalde har i høve til sine medlemmer.

Ekstern varsling

1. Tilsette har alltid rett til å varsle eksternt til tilsyns- og kontrollmyndigheiter som Arbeidstilsynet, Datatilsynet, Politiet, Helsetilsynet og liknande instansar, jfr. arbeidsmiljølova § 2-4(2), andre punktum.

2. Varsling til offentlegheita føreset at det er varsla forsvarleg, jfr. arbeidsmiljølova § 2-4(1). Ved vurderinga av om vilkåret i lova er oppfylt, bør arbeidstakar først ha forsøkt å varsle internt, eventuelt til offentlege myndigheiter. Arbeidstakar må vere i god tru om dei tilhøva han varslar om.

Grunngjeving: Tilvisinga til lova i pkt. 1 er relevant sidan lova er så klar der på at det ALLTID er forsvarleg å varsle til offentlege myndigheiter. Pkt. 2 er mykje forenkla i forhold til forslaget frå adm. For det første, så krev ikkje lova at ein og regulerer ekstern varsling. Vilkaåret om forsvarleg varsling er eit komplisert vilkår å tolke- og det er eit strengt krav om at arbeidsgjevar ikkje kan regulere varslingsretten for strengt i forhold til det som følgjer av arbeidsmiljølova § 2-4. Den kan lett stride mot Grunnlova § 100- og det tar seg ikkje bra ut. Forslaget slik det ligg føre er noko problematisk i høve til Grunnlova. Forslaget til endring forenkler forslaget og gjengjev kun dei krava som det ikkje er tvil omkring i høve til ekstern varsling.

Særleg om anonym varsling

Ein varslar kan vere anonym, det vil seie at varslaren sin identitet ikkje blir gjort kjend for nokon, heller ikkje for den som tek i mot varselet. Eit anonymt varsel, der fylkeskommunen ikkje kan gå attende og spørje varslaren om kva som var meint, bør vere fullstendig og nøyaktig for å gi best mogleg grunnlag for undersøkingar. Anonym varsling skjer normalt skriftleg. Dersom ein tilsett tek i mot eit munnleg varsel over telefon skal varselet etter beste evne nedteiknast og sendast varslingsutvalet. Anonym varsling kan gjere det vanskeleg for fylkeskommunen å handsame saka.

Anonym varsling kan og skape mistenksomheit og svekke tilliten på arbeidsplassen. Anonym varsling bør derfor ikkje nyttast om ein har andre alternativ. Eit varsel skal uansett behandlast under streng konfidensialitet etter personopplysningslova. Konfidensialitet inneber at mottakar av varselet pliktar å handsame eitt mottatt varsel så langt som mogleg utan å røpe varslaren sin identitet til andre enn dei med lovleg tilgang. Plikta til konfidensialitet gjeld ikkje lenger enn til det punktet der andre sine rettar slår igjennom, til dømes der kor plikta til å utlevere informasjon til politiet eller andre offentlege myndigheiter går framfor, til dømes ved anmelding og straffefølgjing.

Grunngjeving: Det første forslaget er kun ei språkleg forenkling i høve til definisjonen på anonym varsling. EU sitt datatilsyn (og det nasjonale), er klare på at det ikkje skal oppmuntrast til anonym varsling. Ulempene ved anonym varsling er difor gjort greie for litt meir enn i utkastet. Det var og lagt inn eit punkt om at arbeidstakar kan varsle ikkje-anonymt, men likevel få det sakshama som eit anonymt varsel. Det er ein rettsleg konstruksjon som rettsystemet ikkje kjenner. Varsling kan skje anonymt eller ikkje anonymt. Men det skal ALLTID handsamast konfidensielt! Datatilsynet seier at korrekt informasjon om konfidensialitet gjer at konfidensialitet i dei fleste tilfelle vil vere tilfredsstillande for varslaren. Det vert og tilrådd i ei rekkje norske og utanlandske rettleiingar til varslingsrutinar, at arbeidstakar vert informert om at

konfidensialitetsplikta ikkje står i vegen for rettsleg pålegg om utlevering til m.a. politiet i saker som vert anmeldt og straffefølgd.

Varslingsutvalet

Det vert tilrådd at setninga om at det er varslingsutvalet som skal ha ansvar for formidling av informasjon og opplæring omkring varslingsrutinen vert strøken. Det er ikkje rett at eit slikt uavhengig utval skal ha eit slikt ansvar. Det bør liggje hos administrasjonen. Det er ikkje til hinder for å bruke medlemmer i utvalet til å halde innlegg på interne seminar o.l. om deira arbeid og rolle.

Forslag om to nye punkt i rutinen:

Rettsvern ved varsling

Arbeidstakar som varslar skal vernast mot ulovleg gjengjelding, jfr. arbeidsmiljølova §§ 2-5 jfr. 2-4. Ulovlege gjengjeldingshandlingar omfattar både formelle og uformelle, negative reaksjonar som føl-gjer av varselet.

Å utøve gjengjeldingshandlingar ovanfor ein arbeidstakar som har varsla, er forbode. Leiarar som utøver gjengjelding mot arbeidstakarar som varslar, vil bli arbeidsrettsleg sanksjonert.

Grunngjeving: Usikkerheit i høve til eige rettsvern, er den viktigaste faktoren som hindrar arbeidstakarar å varsle. Ruinen bør difor ta bort all tvil om kva for eit rettsvern arbeidstakar har i ein slik situasjon. I stadig fleire tilrådingar, (og i utkast til ny, internasjonal ISO-standard for antikorrupsjon), vert det tilrådd at det og vert sagt at gjengjelding er forbode og at det vil verte sanksjonert. Slik klar tale seier noko om kor alvorleg arbeidsgjevar og samfunnet ser på det å straffe arbeidstakarar som seier i frå om samfunnskritiske tilhøve.

Administrasjon, rapportering og evaluering

Fylkesdirektør organisasjon har ansvar for at varslingsrutinen vert gjort kjend for alle tilsette gjennom aktiv formidling gjennom for eksempel: Intranett, brosjyre, plakatar o.a. Det skal jamleg gjennomførast kursing for ulike grupper tilsette i høve til deira særskilte roller og behov: Tilsette, leiarar og verneombod. Utforming av kursopplegg bør skje i samarbeid med fagforeningane.

Det skal årleg rapporterast til fylkesutvalet og kontrollutvalet om mellom anna følgjande:

1. Talet på saker som er mottatt etter varslingsrutinen.
2. Kva for forhold det har blitt varslet om.
3. Korleis saker om varsling har blitt handsama (ex: Bruk av ekstern gransking m.v.)
4. Eventuelle eksterne varslingar til offentlege myndigheiter og/eller offentlegheit.

Om erfaringane tilseier revidering av rutinane, skal forslag til endringar leggjast fram i årsrapporten.

Grunngjeving: Arbeidet med implementering av ein intern rutine for varsling, skal etter arbeidsmiljølova § 3-6 skje «i tilknytning til virksomhetens HMS-arbeid». Det inneber at rutine skal følgje dei metodiske krava som HMS-forskrifta krev. Det inneber krav om mellom anna jamleg evaluering og revidering av rutinen i høve til dei erfaringane arbeidsgjevar og dei tilsette gjer seg. I dette punktet vert det og presisert at ansvaret for informasjon/opplæring ligg hos arbeidsgjevar. Det er viktig at opplæringa tek omsyn til ulike grupper sine særskilde behov. Til dømes har leiarar som tek imot varslar, behov for ei særskild opplæring om det ansvaret dette inneber."

Astrid F. Selsvold sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Røysting (forslaget om utsetjing):

Selsvold sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 29/15 Revisjon av etiske retningslinerfor Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Utkast til revisjon av etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune

Saksprotokoll i Hovudarbeidsmiljøutvalet - 16.12.2014

Rune Stadsnes og Dagmar Hillestad sette fram slik forslag:
«Menneskeverd og likeverd bør nemnast i dei etiske retningslinene.»

Innstilling

Utkast til revisjon av etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinene.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 20.01.2015

Arbeidstakarorganisasjonane fremma slikt forslag:
Forslag til tillegg pkt 3.3
Tilsette i Hordaland fylkekommune skal kunne ta del i samfunnsdebatten og benytte sin kompetanse i samfunnsdebatten.

Administrasjonsutvalet fremma slikt felles forslag:
Forslag til tillegg pkt 3.3
Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsettes utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

Arbeidstakarorganisasjonane trakk sitt forslag.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling

Utkast til til revisjon av etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinene.

Tillegg til pkt 3.3
Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsettes utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Utkast til revisjon av etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinene.

Tillegg til pkt. 3.3
Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsette si utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

PS 30/15 Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2015

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidligare eigarskifte på garden. Sikre rett kompetanse til rett tid et viktig tiltak.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i det meste av landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvaltast regionalt, for å målrette dei betre.
5. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
6. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog.
7. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
8. Fylkesutvalet meiner at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidlegare eigarskifte på garden. Sikre rett kompetanse til rett tid er eit viktig tiltak.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i det meste av landet.
3. Fylkesutvalet tilrår at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
4. Fylkesutvalet tilrår at ein større del av avtalemidlane blir forvalta regionalt, for å målrette dei betre.
5. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
6. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog.
7. Fylkesutvalet tilrår å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
8. Fylkesutvalet meiner at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som blir avsette gjennom jordbruksavtalen.

PS 31/15 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 1-30/15.

SVAR PÅ INNSENDE SPØRSMÅL

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Minoritetsspråklege elevar

Ein del av flyktingane som kjem til Noreg ,og som får opphald her, har liten eller ingen formell skulegong frå heimlandet. Dei byrjar i grunnskulen i det klassesteget dei høyrer til aldersmessig, ofte etter eit år med innføringsklasse. Til dømes kan ein åttandeklassing berre ha utdanning i 1 år. Han får innføringsklasse i eit år og er deretter to år på ungdomsskulen.

Det er klart at desse elevane ikkje kan ta att seks-sju år med manglande skulegong på desse åra. Likevel vert dei søkt inn på vidaregåande skule og får tildelt skuleplass, slik eg forstår det. Dersom dette er vanleg praksis rundt om i Hordaland, er det ikkje underleg at mange frå nettopp denne gruppa droppar ut av vidaregåande skule.

Kan fylkesordføraren gjera greie for om dette er praksis? Om det er slik, kva kan gjerast?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"I Opplæringslova § 3-1 står det følgjande om retten til inntak: *Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring.*

Elevane det blir vist til i spørsmålet er døme på korleis opplæringslova slår inn i forhold til nokre minoritetsspråklege elevar med kort butid og liten skulebakgrunn. Ein elev som kjem til Noreg i grunnskulealder til dømes i mars, blir skriven inn i 10. trinn og får vitnemål i juni. Dette gir eleven rett til inntak i vidaregåande opplæring. Dermed kan ein elev med liten skulebakgrunn og lite norskkunnskapar starte direkte i vg1 etter berre nokre månadar i landet.

Elevar med kort butid kan få tilbod om innføringsklasse før opptak til vidaregåande opplæring. For skuleåret 2015-2016 har vi tilbod om innføringsklasse ved 9 skular i Hordaland. Tilbod om innføringsklasse krev samtykke frå elev (eller frå føresette når eleven er under 18 år). Dei kan dermed takke nei til tilbodet. Inntakskontoret må då gi eleven eit tilbod i ordinær vg1-klasse, sjølv om eleven i liten grad har faglege føresetnader for å kunne fullføre vidaregåande opplæring.

I innføringsklassane kan elevane få styrkt norskopplæring, men òg grunnopplæring i fellesfaga. Vi laga vår eigen lokale læreplan i 6 fag i 2014. Dei blir no prøvd ut dette skuleåret, og skal danne grunnlag for endeleg lokal læreplan for innføringsklassane."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Hurtiglادestation for elbil på Straume

Det har i lengre tid vore "lova" hurtiglادestation for elbil i dette området. Kva er årsaka til at dette tek så lang tid?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Straume

Årsaka til at det har teke så lang tid med å få bygd hurtiglادestationen på Straume skuldast grunnar som ligg til BKK. BKK ynskjer at ein ved utbygginga på Straume ved Mix-kiosken legg til rette for utvida kapasitet fordi ein ventar at stasjonen vert populær. Dvs. at ein i framtida kan utvide til fleire ladeuttak slik at fleire elbilar kan hurtiglade samtidig. Dette krev at ein nyttar ein annan trafo enn opphavelag planlagt. Dette har forseinka prosessen vesentleg.

Vi har 27.01.2015 motteke ei gledeleg melding frå prosjektansvarleg i BKK om ladestasjonen på Straume: "Prosjektering er i sluttfasen og så snart klarsignal blir gitt går entreprenør og installatør i gang."

Denne meldinga kan oppfattast slik at vi kan vente at hurtiglادestationen på Straume er operativ i mars månad.

Andre hurtiglادestasjonar til BKK, ifølgje melding 27.01.2015:

- Romarheim
Hurtiglادaren vert nettilkopa av BKK i slutten av veke 5/starten av veke 6.

Testing med ABB er planlagt til torsdag 5. februar. Vert sett i ordinær drift frå same dag.

- Mongstad
Graving av kabelgrøft og førebuing av grunn for fundament og leskur vert utført i veke 5 og veke 6. Montasje av hurtigladar er planlagt utført veke 6.
- Trengereid
Møte mellom BKK og installatør er avtalt i veke 6 for grenseavklaringar."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Produksjonsskulen og høve til å gje "læreløn"

Då produksjonsskulen var i fylkesutvalet og orienterte, vart dette skissert som ei utfordring. Fylkesutvalet oppfordra då fylkesordføraren til å eventuelt gå i dialog med NAV om dette, slik eg hugsar det. Har noko vorte gjort? Om ikkje, kva kan gjerast?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkeskommunen har ansvar for å ha oversikt over og følgje opp ungdom med opplæringsrett som ikkje er i vidaregåande opplæring, og tilby og/eller koordinere tilbod retta inn mot målgruppa. Hordaland fylkeskommune har ulike tilbod til desse, og det er oppfølgingstenesta (OT/PPT) som kartlegg og følgjer opp ungdommane og losar/søkjer dei inn i dei ulike tilboda, eller har eigne tilbod. Tilboda er finansierte på ulike måtar og etter ulike retningslinjer.

Tilbodet i Hyssingen produksjonsskule er ikkje å rekne som ein ordinær skule, men som eit tilbod som gjennom produksjon skal førebu til motivasjon, meistring og til vidare opplæring i skule eller lære/arbeid. Produksjonsskulen er innretta som eit tilbod for førebuing til ordinær opplæring eller arbeid, og ikkje som del av ein læreplan eller ordinært arbeid eller praksis.

Tilbodet har kome i gang som følgje av arbeidet med Ny GIV Oppfølgingsprosjektet. Fylkesdirektør for NAV, Anne Kverneland Bogsnes, har delteke i styringsgruppa for Ny GIV og følgd utviklinga av produksjonsskulen. Opplæringsavdelinga har utover dette vore i kontakt med NAV om tilbodet, men NAV har ikkje sidestilt produksjonsskolen med praksisplass i bedrift. Det har difor ikkje vore aktuelt frå NAV si side å gi individstønad til deltakarane.

Slik NAV praktiserer stønadsordninga, er denne direkte retta mot arbeid i bedrift, eventuelt arbeidsmarknadskurs for dei som er over 19 år. Slik vert produksjonsskulen ikkje rekna som eit arbeidsmarknadskurs.

Stønadsordning til ungdommane våre på Hyssingen produksjonsskule er ei utfordring i høve til Lånekassen (stipend og lån). Det vert arbeidd med å finna løysingar her."

OPEN TIME

Silje Hjemdal viste til den stadig aukande trafikken frå nord, og spurde om fylkeskommunen kan gjere mellombelse tiltak t.d. med innfartsparkering eller rutetilbodet. Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at det kjem sak om innfartsparkering i samferdselsutvalet sitt februar møte. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, viste til at det er stamlinje med leddbussar og ekspressbussar frå Åsane, og at rutetilbodet kontinuerleg vert vurdert.

Terje Søviknes viste til at Bergen kommune vil etablere rushtidsavgift, noko som vil få konsekvensar for busskapasiteten. Fylkesrådmannen vil orientere om situasjonen og konsekvensar av Bergen kommune sitt vedtak i neste møte i fylkesutvalet.

Sveinung Valle sette fram slikt forslag til uttale:

"Uttale om Nordhordlandspakken

Fylkesutvalet viser til fylkestinget sitt vedtak i sak 90/2014 om Nordhordlandspakken, pkt. 4c:

"Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune(fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken".

Uttale:

Fylkesutvalet er kjend med at ordlyden i vedtaket har skapt ein del utryggleik i Nordhordlandsregionen omkring viljen og evna til å gjennomføre utbetringstiltak på fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø, der det vert vist til siste delen av vedtaket om buffer mot eventuell kostnadsauke.

Fylkesutvalet vil presisere at med fylkestingets vedtak av 10.12.2014 i sak 90/2014 inngår Fv 564 Fløksand-Vikebø (med ei investeringsramme på opp mot 100 mill. kr) som eitt av dei 19 prosjekta i Nordhordlandspakken. Alle prosjekta i Nordhordlandspakken skal gjennomførast. Risikoen for at eitt eller fleire prosjekt i pakken eventuelt ikkje kan gjennomførast, vil vere knytt til om Nordhordlandspakken på sikt skulle få problem med finansieringsevne/nedbetalingsplan i forhold til føresetnadene i stortingsproposisjonen. Med ei avgrensa innkrevjingsperiode på 12 år, føresett lånerente (6,5 %) og ekstra inntekter frå bomstasjon i Isdal (som til no ikkje er rekna inn i finansieringsplanen), er det etablert eit godt utgangspunkt for berekraftig økonomi i Nordhordlandspakken.

Konklusjon:

Fylkesutvalet legg til grunn – og vil arbeide for at prosjektet Fv564 Fløksand-Vikebø vert realisert som del av Nordhordlandspakken."

Pål Kårbø gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Valle sitt forslag vart vedteke mot 3 (Frp) røyster.

Vedtak

Uttale om Nordhordlandspakken

Fylkesutvalet viser til fylkestinget sitt vedtak i sak 90/2014 om Nordhordlandspakken, pkt. 4c:

"Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune(fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken".

Uttale

Fylkesutvalet er kjend med at ordlyden i vedtaket har skapt ein del utryggleik i Nordhordlandsregionen omkring viljen og evna til å gjennomføre utbetringstiltak på fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø, der det vert vist til siste delen av vedtaket om buffer mot eventuell kostnadsauke.

Fylkesutvalet vil presisere at med fylkestingets vedtak av 10.12.2014 i sak 90/2014 inngår Fv 564 Fløksand-Vikebø (med ei investeringsramme på opp mot 100 mill. kr) som eitt av dei 19 prosjekta i Nordhordlandspakken. Alle prosjekta i Nordhordlandspakken skal gjennomførast. Risikoen for at eitt eller fleire prosjekt i pakken eventuelt ikkje kan gjennomførast, vil vere knytt til om Nordhordlandspakken på sikt skulle få problem med finansieringsevne/nedbetalingsplan i forhold til føresetnadene i stortingsproposisjonen. Med ei avgrensa innkrevjingsperiode på 12 år, føresett lånerente (6,5 %) og ekstra inntekter frå bomstasjon i Isdal (som til no ikkje er rekna inn i finansieringsplanen), er det etablert eit godt utgangspunkt for berekraftig økonomi i Nordhordlandspakken.

Konklusjon

Fylkesutvalet legg til grunn – og vil arbeide for at prosjektet Fv564 Fløksand-Vikebø vert realisert som del av Nordhordlandspakken.